



## Saksframlegg

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  |  |
|--|--|--|

### Val av Forliksråd

## UTKAST TIL SAK!!!

### Samandrag:

Etter § 57 i domstolloven skal kommunestyret velje nye forliksrådsmedlem og varamedlem innan 15. oktober året etter kvart kommunestyreval. Valet gjeld frå 1. januar påfølgande år. Funksjonstida for sitjande forliksråd går ut 31.12.20. Nytt forliksråd si funksjonstid vert frå 01.01.21, til 31.12.24

Namsfogden i Ålesund er fagansvarlig for den sivile rettspleien for hele Møre og Romsdal politidistrikt, herunder sekretariatsfunksjonen for forliksråda.

Han tilrår at Volda og Ørsta kommunar ut frå ei fagleg vurdering går saman om eit felles forliksråd.

### Kommunedirektøren si tilråding:

1. På vilkår av at Ørsta kommune gjer tilsvarande vedtak innan 15. oktober d.å. , vedtek Volda kommunestyre å godkjenne at det frå perioden 2021-2024 vert skipa felles forliksråd for Volda og Ørsta kommunar.

2. a) **Dersom felles forliksråd for Volda og Ørsta kommunar** vert fylgjande medlemmer og vara medlemmer valt:

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|-----------|---------------|
| 1. ....   | 1.....        |
| 2. ....   | 2.....        |
| 3. ....   | 3.....        |

b) Dersom **eige forliksråd for Volda kommune** vert fylgjande medlemmer og varamedlemer valt:

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|-----------|---------------|
| 4. ....   | 1.....        |
| 5. ....   | 2.....        |
| 6. ....   | 3.....        |

3. Praktisk gjennomføring av møta m.v. vert å avtale før den nye valperioden tek til.

## **Saksopplysningar:**

I domstollova § 27 heiter det:

*"I hver kommune skal det være et forliksråd. Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevningen viser. Kommunestyret velger et av medlemmene som formann. Har denne forfall, trer den av de andre som er nevnt først i oppnevningen og som kan gjøre tjeneste, i dennes sted"*

Domstolloven § 52 slår fast at forliksrådsmedlemmar er dommarar, og domstolloven gjeld dermed for forliksrådsmedlemar. Dette inneber at lova sine reglar om vilkår for val må følgjast.

Jf. §§ 53 og 56 skal dommaren:

- vere norsk statsborgar
- vere vederheftig (solvent)
- ikkje vere frådømt røyseretten
- ha fylt 25 år
- vere under 70 år ved inngangen til valperioden
- vere godt eigna til oppgåva og beherske skriftleg og munnleg norsk godt

Domstolloven §§ 71 og 72 inneheld reglar om utelukking frå val:

### **Utelukking som følgje av stilling:**

- stortingsrepresentantar og vararepresentantar,
- utnemnde og konstituerte dommarar og tilsette ved domstolane,
- tilsette ved påtalemynde, politiet, kriminalomsorga og personar som er tildelt begrensa politimynde,
- praktiserande advokatar og advokatfullmektigar,
- kommunen sin kommunedirektør,
- kommunale tenestemenn som tek direkte del i førebuing eller gjennomføring av valet.

### **Utelukking på grunn av vandel:**

- den som er dømd til fengselsstraff utan vilkår i meir enn eitt år,
- den som er dømd til forvaring eller særlege reaksjonar i form av tvungen omsorg eller tvungen psykisk helsevern i samsvar med straffelova § 40 eller §§ 62 til 65,
- den som er dømd til fengselsstraff utan vilkår i inn til eitt år er utelukka i 15 år, rekna frå rettskraftig dom,
- den som er dømd til fengselsstraff på vilkår er utelukka i 10 år, rekna frå rettskraftig dom,
- den som er dømd til, eller har vedteke, bøtestraff for tilhøve med ei strafferamme på meir enn eitt år, er utelukka frå val i 10 år, rekna frå rettskraftig dom (forenkla førelegg vert ikkje omfatta av denne regelen),
- den som har fått påtaleunnlating på vilkår eller utsett dom er utelukka i 10 år, dersom tilhøvet har ei strafferamme på meir enn eitt år,
- den som er dømd til samfunnsstraff er utelukka avhengig av lengda på den subsidiære fengselsstraffa. Sjå ovanfor.
- den som er sikta for eit straffbart tilhøve er ikkje utelukka frå val. Ein som er sikta vert ikkje trekt ut til teneste til saka er avgjort.

*Justisdepartementet understrekar at val av forliksråd ikkje er eit politisk val.*

Ved valet skal det leggas stor vekt på personlege eigenskapar og føresetnader knytt til den oppgåva som forliksrådet skal utføre som instans for mekling og domsavseiing i rettstvistar.

*Kontinuitet er eit svært viktig moment ved val av forliksråd.* Kommunestyret bør så langt som råd unngå store utskiftingar på ein gong, då dette vil svekke den opparbeidde kompetansen i rådet.

Ved gjennomføring av valet gjeld kommunelova § 7-4 om høvetalsval når minst eitt medlem krev det. Elles gjeld reglande om avtaleval, og elles reglane om fordeling av kjønn m.v.

Rekkefølga på dei valde medlemmane og varamedlemmane er bestemmande ved forfall til rådet sine møte.

I følgje § 58 i domstollova skal vedtaket om val av medlemmar og varamedlemmar sendast over til fylkesmannen for endeleg oppnemning og lovelegkontroll

Namsfogden i Ålesund er fagansvarlig for den sivile rettspleien for hele Møre og Romsdal politidistrikt, herunder sekretariatsfunksjonen for forliksråda.

Han tilrår at Volda og Ørsta kommunar ut frå ei fagleg vurdering går saman om eit felles forliksråd. Det er heller ikkje hindringar i lovverket for at det kan skje.

Ørsta kommune gjorde i kommunestyre 07.05.2020 K.sak 26/20 vedtak om val av forliksråd.

Dei gjorde då slikt vedtak:

*Ørsta kommunestyre vel med dette følgjande personar til Ørsta forliksråd for Perioden 1. januar 2021 – 31. desember 2024:*

*Faste medlemmar:*

- 1. Oddvar Marøy*
  - 2. Siri Dahl Masdal*
  - 3. Audhild Jorun Brautaset*
- Av desse vert Oddvar Marøy valt som formann*

*Varamedlemmar:*

- 1. vara: Karl Asgeir Sæbønes*
  - 2. vara: Oddbjørg Lied*
  - 3. vara: Jon Helge Bjørndal*
- Lista med valde medlemmar vert å sende over til fylkesmannen for endeleg oppnemning.*  
*Vedtaket er gjort med heimel i §§ 27, 53, 56 og 57 i domstollova*

Vedlagde brev frå namsfogden i Ålesund d.s. 21.08.2020 der han tilrår felles forliksråd Volda og Ørsta er såleis datert etter at Ørsta kommunestyre gjorde sitt vedtka. Brevet følgjer denne saka til vitende.

Dersom ein slår saman forliksråda, må enten Ørsta kommune gjere nytt vedtak eller så må Volda kommunestyre slutte seg til det valet som er gjort i Ørsta også skal gjelde Volda kommune.

Volda kommune har ennå ikkje gjort sitt val for neste valperiode (2021-2024). Fram til årskiftet har forliksrådet slik samansetjing:

*Medlemar:*

- 1. Petter Espe (formann)*
- 2. Torill Rødven Eide*
- 3. Håvard Strand*

Vara:

1. *Magnar Sunde*
2. *Guðrun Solstad Tokle*
3. *Rebecca Riise Bjerknes*

### **Vurdering og konklusjon:**

Fristen for å velje Forliksråd er 15.oktober.

Med namsfogden sitt skriv og tilråding og etter samtaler med enkeltmedlemer både i Volda og Ørsta forliksråd er det fleire gode grunnar til å slå forliksråda saman.

Sjølv om det har vore kontakt mellom Volda og Ørsta kommunar omkring saka er det ikkje klarert om ein skal ha felles forliksråd.

Tidsfristen for valet er ein faktor som gjer prosessen i saka vanskeleg. Volda kommunestyre har sitt siste møte før tidsfristen 24.september med Ørsta jkommunestyre har møte 15.oktober.

Med det som bakteppe kan prosessen leggst opp ved at den politiske leiinga i kommunane tek ei felles haldning/tilråding om dette er noko ein vil gå for. Om ein ynskjer det må valnemndene kome med tilråding om medlemer og varamedlemer på vanleg måte.

Sidan det er kommunestyra som skal ta den endelege avgjerda, kan det vere lurt at ein har to sett med medlemer/varamedlemer. Eitt ved samanslåing og eitt dersom kommunestyra vel å halde fram som no.

Vedtaket ein legg opp til må såleis også vere avklarande, men må taopp i seg at dei ulike kommunestyra kan gjere ulike vedtak.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen  
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen  
Miljøkonsekvensar:Ingen  
Økonomiske konsekvensar:Ingen  
Beredskapsmessige konsekvensar:Ingen  
Konsekvensar for barn og unge:Ingen

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør